

Ida Engelsen og Audun Skornes frå Tunes skrytte av Chatrins skattekammer då dei var på besøk. Her med dottera Saga (1 1/2 år). Foto: Kristina Bøland

# Kunderos på opningsdagen

– Mange er positive til at det er kome nytt liv i gamle Ådnavegen, seier den ferske butikkeigaren Aud Chatrin Kristoffersen Steine.

Kristina Bøland
kristina.boland@bygdanytt.no



Her ynskjer Steine å laga ein kaffikrok etter kvart. Foto: Kristina Bøland

Fredag opna Aud Chatrin Kristoffersen Steine (50) frå Garnes dørene til antikkbutikken i Ådnavegen i Indre Arna, Chatrins skattekammer.

– Då vi var unge var det butikkar her og det er mange som har kome innom i dag som er positive til at det er kome nytt liv i gamle Ådnavegen, seier Steine.

I løpet av dei første timane under opningsdagen tok rundt 45 kundar turen til den ferske butikken i Ådnavegen 25, og Steine fekk selt varer til nokre tusen kroner.

– Det som er i butikken no er berre ein brøkdel av det vi har. Vi har eit heilt lagar.

## – Fekk nesten ikkje sova

Heile familien stilte opp som gode hjelparar, døtrene Linnea (12) og Malene (22) stod bak disken og tok seg av sala, og ektemannen Frode pakka ut fleire varer.

Det heile medan Aud Chatrin ynskte kundane velkomen og gratulasjonane strøymde på.

– Eg kjem til å vera heilt utsliten når helga er over. I natt fekk eg nesten ikkje sova noko, eg har vore veldig nervøs, fortel ho.

Etter kvart ynskjer Steine å laga til ein kaffikrok ved inngangen slik at folk kan koma innom berre for å ta ein prat og slappa av.

## Kom for å visa støtte

Ida Engelsen og Audun Skornes frå Tunes kom til skattekammeret for å kikka saman med dottera Saga (1 1/2), som koste seg med ein velkomstkjeks.

– Vi kjenner dei litt og då må vi støtta dei, og koma med innspel om dei treng det, seier Skornes.

– Vi er òg glade i gjenbruk, og synest det er veldig kult at dei gjer

GJØR ET
SOMMERKUPP!
GRATIS BEFARING
911 50 200
fasadeprodukter.no
Fasade® PRODUKTER
SOLSKJERMING – GARASJEPORTER
LARS VELAND
Din lokale salgskonsulent Direktenr: 469 83 233



Kyrkjekaffi i parken, før dei flotte veteranbåtane sette kursen mot Bergen igjen. Foto: Edvin Bratli

# Den spesielle kyrkjeferda blei ein stor suksess

– Det var heilt fantastisk, kyrkja var fullt til randa og vel så det, seier sokneprest Helle Maria Wolstad.

Kristina Bøland
kristina.boland@bygdanytt.no

Sundag blei det ein sjøvegs kyrkjeferd til Hamre kyrkje på Osterøy. Kyrkjeferda var ein del av Fjordsteam 2018 i Bergen, som igjen var ein del av Kystsogevekene.

Sokneprest Helle Maria Wolstad var stornøgd med den spesielle gudstenesta i Hamre kyrkje.

– Det var heilt fantastisk, kyrkja var fullt til randa og vel så det. Det er ikkje ofte det berre er ståplassar igjen i kyrkja, seier Wolstad.

## Kom roande som i gamle dagar

Tre fjordbåtar gjekk frå Bergen og plukka opp passasjerar i Breiviken i Sandviken, Eidsvåg, Salhus, Frekhaug, Steinestø og Tellevik. Dei blei møtt med musikk av Hjellvik Hornmusikklag på kaia.

– Båtane var fulle og det kom mange lokale ostringer. Det kom òg mange roande i robåtar frå Nordhordland, fortel soknepresten, som synest dette var ekstra gøy med tanke på historia til Hamre sokn.

– Hamre sokn gjekk heilt til Gulen i gamle dagar og det er spennande å tenkja på kor sentral kyrkja var. Ei gammal dame hugsa at folk kom roande hit for konfirmasjonsundervising.

## Kyrkja imponerte

Rundt 350 menneske kom til gudstenesta som hadde fokus på kystkultur og tilknytinga kyrkja har til havet.

– Det var veldig spesielt, vi feira verkeleg den rike kystkulturen vår. Folk som aldri hadde vore her før blei utruleg imponert, Hamre kyrkje er verkeleg ei kyrkje Osterøy kan vera stolt av, seier Wolstad.



Atløy på veg til å leggja til kai ved Hamre kyrkje. Foto: Tove Mostrøm

Ho håpar at suksessen kan vidareførast i åra som kjem.

– Det var så god stemning og eg trur det gav mersmak, så dette håpar eg vi kan halda med fram.

*Sjå fleire bilete på bygdanytt.no.*



Prost Øystein Skauge og sokneprest Helle Maria Wolstad leia festgudstenesta i ei fullsett Hamre kyrkje, i samband med Kystsogevekene sitt arrangement. Foto: Edvin Bratli

Partipolitisk uavhengig avis for Arna og Osterøy

Bygdanytt.

www.bygdanytt.no

**Besøksadresse:**
Øyrane Torg
5260 Indre Arna

**Postadresse:**
Ådnavegen 63
5260 Indre Arna

**E-post:**
bn@bygdanytt.no
tips@bygdanytt.no

**Sosiale medier:**
facebook.com/bygdanytt
twitter.com/bygdanytt

Telefon **55 53 57 70**
Vakttelefon **94 85 37 28**

**Eirik Langeland Fjeld**
ansvarleg redaktør
Mobil: 95 99 72 37
E-post: eirik@bygdanytt.no

**Mads René Trellevik**
nyheitsleiar
Mobil: 91599810
E-post: mads.rene.trellevik@bygdanytt.no

**Ronny Bertelsen**
journalist
Mobil: 90 17 21 66
E-post: ronny@bygdanytt.no

**Siv Kvalheim Berg**
journalist
Mobil: 92 25 18 32
siv@bygdanytt.no

**Kristina Bøland**
journalist
Mobil: 922 24 756
kristina.boland@bygdanytt.no

**Heidi Villanger**
markedskonsulent
Mobil: 90 92 50 24
E-post: heidi.villanger@aslokalavisene.no

**Kathrine Nes Kleppe**
markedskonsulent
Mobil: 95217834
E-post: kathrine.nes.kleppe@aslokalavisene.no

**Stig-Erik Elliott**
papirutgåvesjef
Mobil: 922 35 766
E-post: stig.elliott@aslokalavisene.no

**Trine Syltøy**
redigerer
Mobil: 990 16 490
E-post: trine.syltoy@aslokalavisene.no

**Innleveringsfristar for Møteplassen, rubrikk og annonser**

Tysdagsavisa: torsdag kl. 14
Fredagsavisa: tysdag kl. 14

Utgjevar: Bygdanytt AS

Trykk: Schibsted Trykk Flesland

**Annonsesamkjøring:**
Bergensringen
Torkild Finnkirk
tlf. 4000 8903

*Avfotografering av stoff og annonser frå Bygdanytt er ikkje tillete utan etter avtale.*

# møteplassen

Familiemeldingar med bilete kostar 150 kroner. Hugs å oppgi fullt namn og adresse på avsendaren. Vi sender faktura. Familiehelsingar kan sendast på e-post til bn@bygdanytt.no

## lagsnytt

Under lagsnytt kan lag og organisasjonar gratis få inn meldingar om komande tilskipingar.
*E-post: lagsnytt@bygdanytt.no*

**OPEN KJELLAR** i Ytre Arna Bedehus, kvar fredag frå kl. 11.30 - 13.30. Kaffi, vaflar, m.m. Velkommen!

**VELKOMMEN** til Indre Arna Åpen barnehage i Andr. Gjellesviksvei 23b. Vi har åpent tysdag, onsdag og torsdager fra kl 9.00 til 14.30. Dette er et gratis tilbud for barn fra o år til skolealder sammen med en voksen.

**NORSK JERNBANEKLUBB** , Gamle Vossebanen har faste dugnader i vognhallen på Seimsmark og i lokomotivstallen på Garnes, tirsdager fra ca. kl. 18.00 - ca. kl. 21.00.

**YTRE ARNA MUSEUM** ope kl. 12-15 kvar dag utanom måndagar. Kr. 50 for vaksne, gratis for born. Velkommen i museet!

**VELKOMMEN** til Babysang på loftet i kyrkjelydshuset torsdager kl. 10.30-12.00. En møteplass for foreldre som er hjemme med små barn.

**ESPELAND FANGELEIR** Åpen for omvisning søndager kl. 12:00-15:00. Leiren har gode fest og møtelokaler til utleie. Besøksadr.: Moldamyrane 81, 5267 Espeland.

**ARNA OG LANGEDALEN** Pensjonistforening ønsker velkommen til hygge-og dansekveld i "Friborg"/ Lone, onsdag 8. august, kl.18-21.30. Rune Rydland spiller dansemusikk(swing, vals, tango, reinlender m.m). Kort underholdningsinnslag, mat med prat,utlodning, allsang og god stemning. Motto for kvelden: fellesskap,aktivitet og livsglede! Støttes av Arna Folkeakademi og Kulturkontoret, Arna og Åsane. Velkommen!

**ARNA MISJONSMENIGHET** Kveldsgudstjeneste 12. august kl. 19 i Misjonskirken, Hølbekken 1. Du er hjertelig velkommen!

**OSTERØY PINSEMENIGHET**, Sion. Kvar onsdag klokka 19.00. Bibel og bønn. Forbønsteneste.

**VALESTRAND HELSELAG** har dagtilbod i helselaget sine lokale for dei eldre kvar onsdag frå kl. 10.00 til 14.00. Frukost og middag. Bingo kvar 14. dag.

**DAGTILBUDET** i Haus er flytta til Bruvik. Me har håndarbeid og middag og me har det veldig koselig saman. Treng du skyss så ta kontakt med Unni på telefon 95036159.

**HAUGE HELSELAG** Familiebading på Osterøy ungdomsskule laurdagar frå 11-13. Hugs badehette.

**FELLESMØTE** Hauge Bedehus. Det vert samtale- og bønemøte kl 19.00 desse dagene i sommar: Onsdag 27. juni, onsdag 11. juli, onsdag 25. juli, onsdag 8. aug, onsdag 22. aug, onsdag 29. aug. Alle er hjarteleg velkomne.

**HAGEGRUPPA** v/Hamre Kyrkje møtes første mandag i kvar månad Helsing Hamre Sokneråd

**KONSERT** Musikkens Venner Nordhordland inviterer til konsert i Knarvik kyrkje med Nordic Tenors 24. august. Nordic Tenors kombinerar utsøkt kunstnerisk kvalitet med humor, dans og musikalske overraskelsar. Nordic Tenors har med seg vakre klassiske perler frå operaens verden, og musikalske høgdepunkt frå pop- og visesjangeren. Gruppa består av tenorane Sveinung Hølmebakk, Jan-Tore Saltnes og Reidar Haar.

**KUNSTUTSTILLING** i Galleri Mjøsvågen, Osterøy. LINDA SKARE, teikning. SKJALG EKELAND, foto. Opnar 21.7. elles ope sundagar t.o.m. 12.8.kl 14 - 18, ellers etter avtale. www.gallerimjosvagen, facebook: @gallerimjosvagen

**SUNDAG I MJSØVÅGEN** Kunstutstilling i Galleri Mjøsvågen og Smia. Alle andre tilbod er også opne. Velkomen til Sundag i Mjøsvågen. v. Osterøy Kunstlag.



I helga vart Fjordsteam 2018 avvikla i Bergen. Også Arna fekk besøk av fleire av veteranbåtane. Søndag kom det tre båtar til den nedlagde ferjekaien på Garnes med rundreisepassasjerar som skulle vidare med damptoget, og ta med dei som kom med toget andre vegen. DS Stord I og DS Oster, samt SS George Stephenson frå Nederland, stod for transporten frå og til Bergen. I tillegg tok MS Sunnhordland turen inn Sørfjorden, men la ikkje til kai. Bilete er frå Garnes.
Foto: Harald Sætre

## Send oss dine bilete

Har du tatt eit fint bilete du ønskjer å dele med oss? Merk bilete med **#Bygdanytt** på Instagram eller send det til **bn@bygdanytt.no.**



Idyll ved Langavatnet på Osterøy, skriver innsenderen. Foto: Gunda Kallestad

## familien





**Pernille 3 år**
Hipp hurra for Pernille Spilde Tveit som fyller 3 år 9. August. Vi gleder oss til feiring. Gode klemmer fra bestemor og bestefar .



"Godt me ikkje traff hesten til denne skoen". Bildet tatt på fjelltopp med Loen skylift. Foto: Linda Skjerping



Sein kveld ved Storavatnet. Foto: Else Hartveit Seilen



Man trenger ikke sol og blå himmel for å få en fin fjelltur. Foto: Katrine Amundsen Tunestveit



Tur til Galden med ein gjeng med fine folk. Foto: annemjelstad



Litt regn stopper ikke oss. Er det sommer så er det sommer. Foto: merethe.aanstad



Atløy på veg til å legga til ved Hamre kyrkje i dag. Foto: tovemostrom



På Kjeragbolten. Foto: orjan.borge

## dødsfall

†

Mi kjære kone,
vår gode mor og svigermor,
snille bestemor og oldemor

### Kirsten Hauge

f. 9.12.1933
sovna stille inn
Osterøytunet/Rundhovde
1. august 2018

Mons
Magne - Anita
Morten - Britt Lise
Steinar - Lillian

Marius - Kine
Jonas - Anna
Simon - Anja
Mathias, Maria,
Camilla, Caroline, Christine
Magnus (oldebarn)
Slekta elles

*Vi lukker deg i våre
hjerter inn,
og gøymer deg innerst inne.
Der skal du for alltid bli
et kjært og dyrebart minne.*

Gravferd frå Hamre kyrkje
fredag 10.august kl. 12.00.
Like kjært som blomar er ei
gåva til Osterøytunet Gr.4.

Kan gjevast i kyrkja eller
på kontonr. 3633 54 98164.
mrk. Kirsten Hauge.

### Tusen takk

for alle blomster, gåver
og helsingar eg fekk til
90-årsdagen min!

**Helsing Mildrid Skjerping**